



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Fredrik Arnesen, 55 57 23 69

Vår dato
12.02.2016
Dykkar dato

Vår referanse
2014/15763 357
Dykkar referanse

Til:
Eiga adresseliste

Oversending av evaluatingsrapport etter Øving Hordaland 2015

Vedlagd følgjer Fylkesmannens evaluatingsrapport etter Øving Hordaland 2015. Rapporten vert sendt til alle deltagarane i øvinga, andre relevante lokale og regionale beredskapsaktørar i fylket, samt Statens strålevern, Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap og Justis- og beredskapsdepartementet.

Rapporten peikar på fleire utfordringar og forbettingspunkt på fleire nivå i beredskapsapparatet. Nokre tiltak er enkle å følgje opp, medan andre vil vere meir krevjande å ta tak i. For fleire av tiltaka vil det vere andre enn Fylkesmannen som naturleg har ansvaret for oppfølgingsarbeidet. Vi ser det som viktig at den einskilde aktøren tek initiativ til å følgje opp dei avdekte forbettingspunkt i rapporten. Det same gjeld òg for andre forbettingspunkt som eventuelt vart avdekte og som ikkje er nemnde i rapporten. Fylkesmannen oppmodar difor desse aktørane til å gripe tak i dei tilhøva som er nemnde i rapporten sitt kapittel 5. For eigen del vil vi m.a. arbeide vidare med å vidareutvikle den «*Samordna beredskapsplan for anløp av reaktordrivne fartøy til Haakonsvern orlogsstasjon*».

Rapporten er elles basert på tilbakemeldingar frå deltagarane i øvinga (både gjennom evalueringsskjema og separat evaluatingsmøte), innspel frå observatørane som var til stades under øvinga, samt eigne erfaringar.

Avslutningsvis vil vi nytte høvet til å takke alle involverte partar for ei nyttig og god øving !

Samstundes ønskjer vi lykke til med oppfølgingsarbeidet.

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Arve Meidell
fylkesberedskapssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

